

Noregs vassdrags- og energidirektorat  
P.b. 53  
6801 FØRDE

Arkivsakid-doknr:	05/176-13	Saksh:	Gunnhild Sandvin	Arkivkode	Dato:
Journalpostid:	16/5998	Telefon:	53 67 35 37	K2 - S11	22.11.2016

## **Meddding om uttale til justert konsesjonssøknad for Isdøla småkraftverk AS i Eidfjord kommune**

### **Eidfjord formannskap - 16/138:**

Det er fatta følgjande vedtak i saka:

Eidfjord kommune viser til uttale frå 27.06 og er positiv til justert plan om småkraftverk i Isdøla. Kommunen vil knyta følgjande merknader til den justerte konsesjonssøknaden;

1. Alternativ 2 bør brukast som røytrase.
2. Før det vert gitt konsesjon må punkt om anleggsveg/tilkomstveg greiast betre ut. Det er uklart for kommunen om denne er tenkt permanent og kva som er tenkt som faktisk trase.
3. Kommunen skal vera sikra vatn til Isdøla vassverk dersom dette vert naudsynt.

Med venleg helsing  
Eidfjord kommune

Gunnhild Sandvin  
møtesekretær

Kopi til arkiv og kopibok



**EIDFJORD KOMMUNE**

Arkiv:

K2 - S11



Eidfjord kommune  
Simadalsvegen 1  
5783 Eidfjord

Org.nr: 944 227 121  
Bankgiro: 3450.19.60006  
Innbetaling skatt: 7855.05.12326

**Eidfjord - unik frå fjell til fjord**

Telefon: 53 67 35 00

Epost: [postmottak@eidfjord.kommune.no](mailto:postmottak@eidfjord.kommune.no)

[www.eidfjord.no](http://www.eidfjord.no)

Arkivsak ID: 05/176 - 12  
Journalpost ID: 2016005726  
Saksh.: Elnan, Gunnar  
Dato: 04.11.2016

## SAKSGANG

Utvalg	Møtedato	Saknr
Eidfjord formannskap	14.11.2016	16/138

### Uttale til justert konsesjonssøknad for Isdøla småkraftverk AS i Eidfjord kommune

#### Andre dokumenter i saken:

Isdøla kraftverk - justering av søknad

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Eidfjord kommune viser til uttale frå 27.06 og er positiv til justert plan om småkraftverk i Isdøla. Kommunen vil knyta følgjande merknader til den justerte konsesjonssøknaden;

1. Alternativ 2 bør brukast som røytrase.
2. Før det vert gitt konsesjon må punkt om anleggsveg/tilkomstveg greiast betre ut. Det er uklart for kommunen om denne er tenkt permanent og kva som er tenkt som faktisk trase.
3. Kommunen skal vera sikra vatn til Isdøla vassverk dersom dette vert naudsynt.

14.11.2016 - Eidfjord formannskap

Røysting:

Samrøystes vedteke.

#### FSK - 16/138 - Vedtak:

Eidfjord kommune viser til uttale frå 27.06 og er positiv til justert plan om småkraftverk i Isdøla. Kommunen vil knyta følgjande merknader til den justerte konsesjonssøknaden;

1. Alternativ 2 bør brukast som røytrase.
2. Før det vert gitt konsesjon må punkt om anleggsveg/tilkomstveg greiast betre ut. Det er uklart for kommunen om denne er tenkt permanent og kva som er tenkt som faktisk trase.
3. Kommunen skal vera sikra vatn til Isdøla vassverk dersom dette vert naudsynt.

**Desse har uttalt seg i saka:**

**Særutskrift skal sendast til:** NVE

**Endeleg avgjerd i:** Formannskapet

**Saka gjeld:**

NVE gjennomførte synfaring til forslaget til Isdøla kraftverk 19.09 med bakgrunn i justering av søknaden. Justering av konsesjonssøknaden vart gjort på bakgrunn av innspel til den første konsesjonssøknaden. Den justerte konsesjonssøknaden omfattar følgjande endringar;

1. *Inntaksdammen flyttes ca 200m nedover langs elven fra stedet beskrevet i konsesjonssøknad. Isdøla vil da forbli uberørt langs DNT merket turløype som går langs elven, og kun inntaksdammen vil bli synlig fra turløypen og da som et vannbasseng. Damhøyden vil bli begrenset til maksimum 1,2 m.*
2. *For bygging av inntaksdam & boring av vanntunnel planlegges en om lag 225m lang midlertidig anleggsvei fra parkeringsplass på Bjørkehaug (ref kart, Fig 3). Området er flatt med fjell & grunn myr. Denne vil senere tjene som adkomstvei til dammen.*
3. *Endring av rørtrasé, øvre del*Alternativ 1 : *Nedgravd rør.*

*Rør graves ned fra tunnelutslag fra inntaksdam (Markert med gult på kart) Rørtrasse legges langs elv og vekk fra DNT merket løype og hyttefelt. (Dette er et rimeligere alternativ enn å bore vanntunnel, men byr på utfordringer pga vanskelig terreng). Utbyggingspris 3,91 kr/kWh.*

*Alternativ 2: Kombinasjon nedgravd rør & vanntunnel*

*Rør graves ned i en lengde på om lag 100m og ny vanntunnel på ca 100 m bores. Anleggskost vil være vesentlig dyrere enn nedgraving av rør. Det må også lages midlertidig anleggsvei opp innslag på tunnel nr. 2 for opprigging av borerigg på ny lokasjon. Rørtraséen har her generelt tynt (0.5-1m) overdekke med løsmasser. Rør planlegges gravd ned mot fastfjell og dekkes til. Borekaks etter tunnelboring planlegges benyttet til fyll i rørtraséen. Utbyggingspris 3,98 kr/kWh.*

Tiltaket er etter rådmann si meining blitt betre tilpassa innspel og merknader utan at det vesentleg har gått utover det økonomiske grunnlaget.

**Økonomiske konsekvensar:**

Ser ikkje at justert konsesjonssøknad får økonomisk verknad for kommunen. Eidfjord kommune er gjort kjent med at Statkraft har trekt sine planar for Isdal pumpekraftverk. Kva private økonomiske følgjer dette får for tiltaket har ikkje rådmannen gått nærare inn på.

**Juridiske konsekvensar:**

Eidfjord kommune har eit vassverk i Isdøla som ikkje har vore i drift etter at vassforsyninga vart teke frå Sysendammen. I følgje driftspersonalet er det lite truleg at dette kjem i drift. I følgje søkjar er det ingen avtale med kommunen om vassverket. Det er ein realitet at tiltaket vil føra bort vatn frå Isdøla på strekninga forbi inntaket til vassverket.

**Miljømessige konsekvensar:**

Den justerte konsesjonssøknaden har positive sider ved seg, men opnar og for nokre spørsmål som ikkje er tilstrekkeleg utgreidd. Det er positivt for miljøet at det meste av røyr gata vert lat i form av vass tunnel. Og med bakgrunn i inntrykket frå synfaringa synest alternativ 2 å vera det beste alternativet.

Det er og positivt til at inntaksdammen vert flytt lenger ned og på ein plass i vassdraget der inntaksdam og tekniske installasjonar vert mindre.

I justert søknad er nemnt mellombels anleggsveg frå Bjørkehaug på om lag 225m. Denne er vist som ein rett strek og ikkje nærare omtalt. Vidare er denne vegen tenkt som tilkomstveg til dammen. Dette harmonera dårleg, ein mellombels anleggsveg vert ikkje mellombels om denne skal brukast som tilkomstveg seinare. Denne anleggsvegen er ikkje omtalt i den opphavlege konsesjonssøknaden. Dette alternativet til tilkomst synest difor å vera dårleg utgreidd. Det er og klart at ein anleggsveg her vert betydeleg lenger enn om lag 225m som omtalt i justerte konsesjonssøknad.

**Personalmessige konsekvensar:**

Ingen kjende for kommunen.

**Konsekvensar for folkehelse:**

Ingen kjende for kommunen.

Geir Underhaug  
rådmann

Gunnar Elnan  
sakshandsamar